



Møtereferat

Politisk prosjektgruppe for politisk organisering

Møtedato:	12.03.2018	Møtestad:	Møterom Angedalen – Førde rådhus
------------------	-------------------	------------------	----------------------------------

Møtt	Ikkje møtt
Åsmund Berthelsen Oddmund Klakegg Håkon Myrvang Kari Valle Gunn Merete Paulsen Norunn Lunde Furnes Ole John Østenstad Malin Moldestad	Mathias Råheim Olve Grotle Kari Iren Birkeland

Møteleiar:	Åsmund Berthelsen	Møtereferent:	Ole John Østenstad
-------------------	--------------------------	----------------------	---------------------------

Sak nr.	Sakstittel, omtale og konklusjon	Ansvar	Frist
1	Refleksjonar etter temadagen <ul style="list-style-type: none">• Positive tilbakemeldingar – godt opplegg, engasjement og konkrete råd og vurderingar• Sette i gang tankeprosessar og refleksjon<ul style="list-style-type: none">○ Effektivitet vs. brei deltaking er ei sentral problemstilling		
2	Drøfte/teste modellar på hovudstruktur <ul style="list-style-type: none">• Ole John Østenstad presenterte modellane utsendt før møtet• Drøfting om kontrollutval – storleik og representasjon frå kommunestyret<ul style="list-style-type: none">○ Konklusjon: 5 eller 7 medlem, 1-3 frå kommunestyret• Skal alle i kommunestyret fordelast på utval/komitear?<ul style="list-style-type: none">○ Konklusjon: alle medlemmane bør vere representert i komite/utval inkludert råd og kontrollutval○ Kjønnsrepresentasjon kan bli ei utfordring ved val av utvalsmodell• Utval eller komite?<ul style="list-style-type: none">○ Ønskje om meir informasjon om komite og utval generelt og reglement i dei ulike kommunane – hovudsak i neste møte		

	<ul style="list-style-type: none"> ○ Drøfting av delegeringsnivå og delegeringsreglement (delegering til administrasjon eller til politiske utval) ○ Ingen konklusjon ● Storleik på formannskap <ul style="list-style-type: none"> ○ Konklusjon: 9 eller 11 medlemmar ● Eige klageutval? <ul style="list-style-type: none"> ○ Førrebels konklusjon: formannskap som klageinstans ● Eige planutval? <ul style="list-style-type: none"> ○ Diskusjon om personidentisk planutval og formannskap ○ Stor saksmengd og behov for synfaring kan bli utfordrande for planutvalet i ny kommune - argument for separat planutval ○ Ingen konklusjon ● Separat eldreråd og kommunalt råd for menneske ned nedsett funksjonsevne? <ul style="list-style-type: none"> ○ Konklusjon: Ja, ny kommune skal ha eit eldreråd og eit råd for menneske med nedsett funksjonsevne 		
3	<p>Kommunedelsutval</p> <ul style="list-style-type: none"> ● Prosjektgruppe for politisk organisering vil ikkje tilrå kommunedelsutval, men er positive til prosjektgruppe for lokaldemokrati sitt samarbeid med Sunnfjord Utvikling om organisering av lokalt utviklings- og medverknadsarbeid 		
4	<p>Administrativ organisering</p> <ul style="list-style-type: none"> ● Mandatet til prosjektgruppa for politisk organisering går det fram at «Fellesnemnda føreset at arbeidsgruppa koordinerer arbeidet opp mot prosjektleiar/rådmann i ny kommune sitt arbeid med forslag til administrativ hovudstruktur» <ul style="list-style-type: none"> ○ Prosjektleiar gav uttrykk for at val av administrativ hovudstruktur i liten grad vil ha påverknad på val av politisk hovudstruktur og omvendt 		
5	<p>Møteplan</p> <ul style="list-style-type: none"> ● Neste møte 9. og 23. april ● Det vart sett opp møte for mai (07.05, 14.05 og 28.05) som utgangspunkt og eventuelt tilpasse undervegs. 		
6	<p>Neste møte</p> <ul style="list-style-type: none"> ● I følge milepelsplanen skal prosjektgruppe for politisk organisering få ei «avklaring» i møtet i fellesnemnda 11.04.18 – i neste møte må det bli avgjort kva som skal leggest fram for fellesnemnda ● Saker i neste møte: <ul style="list-style-type: none"> ○ Klagebehandling, klageutval eller formannskap? ○ Prinsipp knytt til delegering, oversikt over saksbehandling i kommunane ○ Informasjon om komite og utval 		

	<ul style="list-style-type: none"> • Åsmund Berthelsen skal møte Ole John Østenstad for å planlegge dagsorden for neste møte 		
7	<p>Eventuelt</p> <ul style="list-style-type: none"> • Diskusjon om bruk av ungdomsråda i arbeidet <ul style="list-style-type: none"> ○ Forslag om å legge fram sak for fellesmøte i ungdomsråda om politisk organisering 		

Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.